

FOLKEMUSIKKSCENA PÅ RAULAND

VÅREN 2010



NORSK
KULTURRÅD



**FOLKEMUSIKKSCENA PÅ RAULAND FÅR STØNAD FRÅ
NORSK KULTURRÅD OG VINJE KOMMUNE**

GEITUNGEN, onsdag 13. januar kl. 20.00, Årestoga

Geitungen har plateslepp og er ute på turne! Med Plata *Langt Ute* presenterer rogalandsgruppa låtar som ein gong var populærmusikken blant fest-sugne utkantrogalendingar - *hits* frå ei svunnen tid. Trioen bak plata, spelar låtane i tråd med godt dansespel nettopp frå desse kantane og denne tida. Klangbiletet er farga i samspel mellom feler, toradar, mandolin, hardingfele, mandola og gitarar fordelt på dei tre musikantane. *Langt Ute* er Geitungens tredje plate, og blir gitt ut på Grappas folkemusikk-label, Heilo.

Geitungen er: **Vidar Skrede** som trakterer hardingfele, fele og gitarar. Han er frilans musikal og er med i ei rekke nordiske band som *Den Store Norske Gitarkvartett* og *NOMAS*. **Olav Christer Rossebø** spelar fele, mandolin, mandola og gitar. Han er frilans musikal, kjent frå band som blant anna *Bergen Mandolin Band*, *Earlybird Stringband*, *Fant&Fente* og *Filibuster*. **Håvard Ims** trakterer toradarar og er tidlegare noregsmeister på sitt instrument.

MAJORSTUEN, onsdag 3. februar kl. 20.00, Årestoga

Me er glade for endeleg å kunne presentere *Majorstuen*, ei av våre høgast profilerte folkemusikkgrupper. Dei er kjende for driv, intensitet og glede på scenen i kombinasjon med eit høgt teknisk nivå og friske arrangement. No er dei på plateslepp-turne med sitt fjerde album: *SKIR*. Alle spelar dei fele, men fleire av medlemmane varierer uttrykket med bratsj og cello. Dei kjem i frå heilt ulike kantar av landet, men foreinar dialektane i eit kraftfylt og leikande uttrykk. Og at dei har det moro på scenen er det ingen tvil om. Ver tidleg ute, her kan det bli trongt om plassen.....

Majorstuen er **Synnøve S. Bjørset**, Jølster: fele / bratsj, **Tove P. Dalbakk**, Østerdalen: fele / cello, **Jorun Marie Kvernberg**, Fræna: fele, **Gjermund Larsen**, Steinkjer: fele / bratsj / cello, **Andreas Ljones**, Lillehammer: fele / bratsj.

FIVE MEN IN A BOAT, onsdag 10. mars kl. 20.00, Årestoga

Ein mildt sagt kyndig gjeng av folkemusikarar frå tre land har gått saman under dekknamnet *Five Men in a Boat*. **Emmanuel Pariselle** (durspel, konsertina, song) og **Didier Oliver** (fele, song, sekkepipe) er blant Frankrike sine fremste utøvarar innan tradisjonsmusikk og har eit enormt repertoar av songstoff og dansemusikk, særleg frå den sørvestlege delen av landet. Engelskmannen **Richard Burgess** (gitar, song, konsertina) har saman med franskmennene fleire gonger besøkt vinterfestivalen i Rauland, og er ein stor formidlar av Storbritannia sin maritime songskatt. **Gabriel Fliflet**, mellom anna kjent frå duoen Fliflet/Hamre, flittige gjestar ved folkemusikkscena i Rauland, og songaren **Frode Nyvold** (Rauland) er som nestorar å rekne i det norske folkemusikkmiljøet. Det er med andre ord nok å ause av når dei fem herrane set felles kurs. Songen står i sentrum – og det er ein eigen magi når fem så kraftige, særprega røyster kling saman, om songen er på norsk, engelsk, fransk eller oksitansk.

KNUT MYRANN / ARNE HORGE, onsdag 24. mars kl. 20.00, Årestoga

Her kjem to veteranar! *Knut Myrann* (f.1932), opprinneleg frå Nore i Numedal, no busett på Nesbyen, har tradisjon etter mange kjende spelemenn i Telemark som Gjermund Haugen, Eivind Mo, Torkjell Haugerud, Høye Kvåle, Rikard Gøytil og Johannes Dahle. Knut nemner og vestlendingane Sigbjørn Bernhoft Osa og Anders Kjerland som viktige kjelder for spel og teknikk. Med seg i Årestoga har han skribent, forfattar og ordkunstnar *Arne Horge* (f. 1940) frå Rukkedalen. Gjennom dikt og opplesing dramatiserer han sogene knytt til eit variert slåtterepertoar som Knut spelar. Slik er dei to saman om sterk formidling og musikalsk oppleving .

THE NORDIC FIDDLERS BLOC, onsdag 21. april kl. 20.00, Årestoga

I frå Shetland, Sverige og Noreg kjem dei tre toppspelemennane: *Kevin Henderson*, *Anders Hall* og *Olav Luksegård Mjelva*. Gjennom møtar i uformelt samspel har dei utvikla ei djup beundring for kvarandres stil og tradisjon. Slik har dei fått inspirasjon til meir samarbeid, og dei kombinerar sine solide shetlandske, svenske og norske røtar på ein grenselaus og forfriskande måte; full fart med gamle shetlandske riler og rolig og vart med ein lyrisk og stemningsfull svensk vals... Dei tre spelar kvar for seg i ulike kjende grupper, men er og soloartistar. Her får du møte Kevin og Anders på fele og bratsj, medan Olav spelar både fele, hardingfele og oktavfele.

Fredag 11. juni: artist ikkje fastsett

-det vert konsert i samband med avslutningshelga for Folkekulturstidia, følgj med ...!

Kontakt:

Per Åsmund Omholt

Per.omholt@hit.no

48 21 69 08

www.folkemusikkscena.no